



Gunnar Kjærland utgreier om nomadefolket og gaddasystemet i Etiopia.

**Uskedalen har festa sin posisjon som ein sentral møteplass i kommunen. I kveld var det møte på Bedehuset, Gamleskulen, Stemneplassen og i skulen.**

**I tillegg hadde ungdomslaget styremøte i Helgheim. Musikklaget hadde øvingskvelden sin i skulen.**

Uskedalen.no hadde det travelt med å dekkja hendingane. Frå møte i Helselaget med Grethe Brundtland sitt føredrag frå ei reise til Mosambik vert omtala i eit eige innlegg.

På Bedehuset var det enno ein gong eit temamøte med tidlegare misjonær Gunnar Kjærland. Møte 5 var ei antropologisk utgreiing om nomadefolket og gaddasystemet i Etiopia. Vi fekk ei innføring livsmønsteret deira gjennom ei moralsk og åndeleg utvikling i ein syklus på 8 år, fem gonger, med til saman 40 år. Gjennom denne utviklinga og med sermoniar prøvde ein å oppnå kontakt med sin gud, Waka.

Boranane er eit nomadefolk, innvandra frå Asia. Med industrialisering og eit meir moderne samfunn i Etiopia er mykje av det tradisjonelle stammesamfunnet borte.

Det var noko misjonen var merksam på. Difor la dei vekt på at med 3 års skule vart borna sende attende til foreldra sine i deira landsbyar.

Gunnar Kjærland fortel at han legg opp til tre temakvelder til. Då vil det handla om dei ulike klassane, det sosiale systemet og til slutt ei oppsummering og ein konklusjon.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Hans Ordin Østebø